




Utan RV på Stortinget - ingen opposisjon frå venstre

Innsatsen din trengst!



RV arbeider for eit sosialistisk Norge. Eit sosialistisk Norge er ikkje ei AP-/SV-/RV-regjering. Det er eit samfunn der det er folkefleirtalet sine interesser og ikkje profitten som styrer. Eit slikt samfunn kjem ikkje av seg sjølv, men er resultatet av at kapitalmakta har brukt opp sine knep og arbeidsfolk har teke styring.

For levande bygder, kommunar og fylke

For ein sterk, offentleg sektor

For nasjonal sjølvråderett

For dei faglege rettane

Mot Noreg i krig

Per Bj. Ørjansen, RV sin fyrstekandidat, 54 år, busett i Førde. Arbeider som familierapeut, med spesiell interesse for helse- og sosialpolitikk.

RV sine krav til ei ny regjering

FOR LEVANDE BYGDER, KOMMUNAR OG FYLKE

RV vil motverke avfolking og sentralisering! Fylket sitt samla folketal går ned fordi høg- og marknadskreftene ønskjer ein slik politikk. Det må gjerast noko med dei viktigaste arbeidsplassane i kommunar der folketalet går ned.

RV meiner:

JORDBRUK

- Noreg må vere mest mogleg sjølvberga med matvarer slik FN har kravd
- Eit årsverk i jordbruket skal betalast som eit årsverk i industrien
- Statlege tilskotsordningar som sikrar kulturlandskapet gjennom matproduksjon

FISKE

- Mot systemet med omsettelege fiskekvotar og privatisering av fiskeressursane
- EU-medlemskap - ein trussel mot fiskarar og fiskeindustriarbeidarar
- Økologisk innretta havbruksnæring

INDUSTRIEN

OECD har etter min mening svært lite å tilføre den norske politiske debatten. De anbefaler systematisk privatisering og markedstenking på alle områder. Slik vil vi ikke ha det norske samfunnet!

Jan Davidsen,
leiar i Fagforbundet

- Staten må bruke eigarmakta i Hydro til å pålegge utvida elektrolyse i Høyanger og Årdal, og syte for fornya stortingsbestemte industrikraftkontraktar
- Støtteordningar som sikrar jamn drift ved skipsverfta
- Inga økonomisk støtte til utflgging

KRAFTPOLITIKK

- Opphev energilova – få slutt på utbyte- og profittjaget i kraftnæringa
- Stopp heimfallsutvalet – inga privatisering og sal til utlandet av norske kraftanlegg
- Mot salet av kommunale og fylkeskommunale eigardelar
- Mot gasskraftverk

FOR EIN STERK OFFENTLEG SEKTOR

RV er mot svelteforing og privatisering! Dei siste 25 åra har alle regjeringar arbeid med å redusere offentleg sektor. Dei borgarlege regjeringane har vore tydelegaste - m.a. når det gjeld privatisering. Men også AP sine moderniseringar (t.d. sjukehus"reforma") er tydelege tilbakesteg. **RV meiner:**

KOMMUNEØKONOMI

- Kommunane må løyse sine velferdsoppgåver – staten må skaffe det økonomiske grunnlaget
- Varig statleg finansiering av nye kommunale oppgåver
- Kommunane må få sletta gjelda si - staten må ettergje

UTDANNING

- Opphev friskulelova og stopp privatiseringa – same skule for alle uansett bustad og lommebok
- Gratis undervisningsmaterieell og nynorske lærebøker
- Bort med nasjonale prøvar og rangering av elevar og skular

HELSE OG OMSORG

- Opphev sjukehus"reforma" - gjenreis fullverdige lokalsjukehus i Florø, i Lærdal og på Nordfjordeid, og opprett folkevalte sjukehusstyre
- Bygg ut psykiatrisk tilbod i fylket – særleg for born og unge
- Gje den enkelte fritt val av sjukeheims-plass eller opa omsorg utifrå eiga vurdering – ikkje utifrå økonomien i den enkelte kommunen

LOKALT SJØLVSTYRE

- Nei til kommunesamanslåingar for å spare pengar
- Interkommunale ordningar berre i mangel på fagfolk og betre kommunale løysingar
- Nei til storfylke/Vestlandsfylke – avstanden mellom innbyggjarar og styrande er allereie for stor

FOR NASJONAL SJØLVÅDERETT!

Dei største og fleirnasjonale selskapa har etablert eller overteke sterke organ som WTO og EU/EØS. Desse organa sikrar den internasjonale storkapitalen sine politiske og økonomiske interesser ved å overstyre nasjonalstatane når dei tilgodeser lokale, sosiale og nasjonale interesser. **RV meiner:**

- Respekter folkerøystingane i 1972 og 1994 – send ingen EU-søknad
- Sei opp EØS-avtalen og styrk frihandelsavtalen
- Skatt på alle aksje-, finans- og valuta-transaksjonar
- Stå mot skadelege EU-direktiv og WTO-krav
- Norge ut av NATO

BORN OG UNGDOM

Satsing på barn og ungdom blir lett salderingspostar når offentlige budsjett skal strammast inn. Kutt i dei kommunale budsjetta råkar barn og unge generelt og spesielt barn og unge med særlege læreanskar, omsorgsbehov og psykiske vanskar. **RV meiner:**

- Auka statleg og kommunal satsing på fritidstilbod for aldersgruppa 12 - 18 år
- Styrking av det kommunale førebyggjande arbeidet er staten sitt ansvar.

VERN DEI FAGLEGE RETTANE!

Arbeidsgjevarar og bedriftseigarar har alltid ville ha mest mogleg ut av arbeidskrafta og gje minst mogleg igjen. Stat og kommune har hatt same mål. Når staten no har gjeve mange bedrifter lov til å etablere seg i utlandet og konkurrere internasjonalt, blir dei tilsette pressa endå hardare. **RV meiner:**

- Auka løn i kvinnedominerte yrke
- Forsvar Folketrygda – opphev pensjonsforliket
- Gjennomfør arbeidsmiljølova – innfør 6 timars dagen

MOT NORGE I KRIG!

Norge deltek med fleire hundre soldatar i andre land. Heile 3500 soldatar står til rådvelde for EU-hæren. Dette er soldatar som skal verne om stormaktene sine interesser i andre land. Norge er på 11. plass som våpeneksporterande land og eksporterer mest pr. innbyggjar. **RV meiner:**

- Ingen norske soldatar på utanlandsk jord
- Ta fredsoppdrag for FN (å la Palestina), men ikkje oppdrag for USA og EU.

NY REGJERING = NY POLITIKK?

Mange set sin lit til ei ny regjering. Men vil ei AP-regjering, eventuelt ei fellesregjering av AP/SV/SP, innebere ein grunnleggjande ny politikk? Vil AP gå til venstre eller vil AP med sin styrke dra SV til høgre? Ei ny regjering Stoltenberg er i seg sjølv ingen garanti for grunnleggjande endringar. Denne regjeringa vil neppe gjennomføre så omfattande endringar som nødvendig. Dessutan vil radikale endringar bli møtt av sterk motbør frå nettopp dei krefte som Bondevik II har velsigna med auka ressursar og makt.

Stem RV!

STILL KRAV – BYGG ALLIANSAR!

Skal Stoltenberg II bli eit merkbart framsteg og føre ressursar og makt tilbake, må det bli stilt tydelege og konkrete krav om det. Konkrete krav må reisast frå lokalsjukesaksjonar, elevar, naturvernlag og alle andre som vil framsteg. Fagrørsla må vere meir aktiv og krevjande enn den har vore under Bondevik II. For å vinne fram må offentleg tilsette stø industriarbeidaren og omvendt. Det må byggjast alliansar mellom alle offer for nyliberalismen. RV si rolle er å vere opposisjon - hjelpe vanlege folk, organisasjonar og fagforeiningar til å setje kraft og makt bak krava sine, på eit språk Bondevik og Stoltenberg forstår.

GJE OSS STEMMA DI

Dersom du er samd med oss og i at Stoltenberg II må haldast i øyra av fagrørsla og grasrota, er det RV som er alternativet for deg.

RV kan kome inn frå både Oslo og Hordaland/Bergen. Har du vener og kjende i desse fylka, oppmod dei om å stemme RV.

Stem RV også du som bur i Sogn og Fjordane. På den måten kan di stemme synleggjere at du vil fjerne Bondevik II, men ikkje frede Stoltenberg II.

RV og Raud Ungdom

Sogn og Fjordane Raud Valallianse,
v/Per Bj. Ørjansen, Midtåstunet 3,
6800 FØRDE
epost: per.bjarne.orjansen@enivest.net

Sogn og Fjordane Raud Ungdom,
v/Sunniva Oldeide
6700 Måløy

Raud Valallianse si liste ved stortingsvalet 2005:

1	Per Bj. Ørjansen	Førde
2	Oddveig Lyngstad	Askvoll
3	Jorge Rafael Briceno	Hornindal
4	Trine Nylehn	Leikanger
5	Dagmar Falkenstein	Naustdal
6	Einar Rysjedal	Høyanger
7	Sunniva Oldeide	Vågsøy
8	Magnar Juklestad	Jølster
9	Borghild Guddal	Stryn
10	Ottar Uglum	Høyanger
11	Astrid Kalstveit	Førde

www.rv.no